

## Ho & han

Alicia synest det er lettare å vere kul og smart på Facebook enn i verkelegheita. Endeleg får ho ein venneførespurnad frå ein som heiter Lucas. Ho kjenner han ikkje, men han er kjempepen. Snart kjem den første chattemeldinga frå han:



Hei der! Går det bra?

Det kriblar og stikk heilt ut i fingertuppene. No gjeld det å ikkje rote til dette. No gjeld det å gjere alt rett.

Hei. Jo da. Og med deg?



Svaret kjem etter nokre sekund.



Bra her. Kva gjer du?

Det høyrst jo ut som om han kjenner henne. Men korleis skal ho kunne ha treft han utan å hugse det etterpå? Verkar det teit å spørje?

Ikkje noko spesielt. Du, eg hugsar ikkje heilt kvar eg har sett deg før. Var det på festen hos ho jenta i Sjövägen?



Ho les gjennom eit par gonger før ho sender det.



Nettopp. På Sjövägen. Eg var der med ein kompis. Har leita etter deg sidan.

Ho blir varm i magen. Han har leita etter henne! *Henne!* Heilt *fuckings* utruleg! Alicia prøver å puste roleg. Ikkje øydelegg dette no.

Og kva hadde du tenkt å gjere no, da? Etter at du har funne meg, meiner eg?



Var det for mykje? Alicia ventar nervøst. Ho rekk å telje til tjuseks før svaret kjem.



Eg ville berre snakke litt med deg. På profilen din står det at du er femten. Men det er du vel ikkje, eller?

Alicia stirer på meldinga. Faen så aldersfikserte alle var! Å vere tolv år er verkeleg noko drit. Så kjem ho på eit smart trekk. Meir enn smart forresten. Nesten genialt.

Eg blir fjorten.



Det er jo faktisk sant. Ho blir fjorten. Om eitt år og fire månader.

Ei stund seinare veit Alicia at Lucas vil bli IT-teknikar og helst webdesignar, at han har ei eiga leilegheit nær sentrum, og at han ofte sit heime aleine om kvelden. Ho våger seg på eit modigare spørsmål:

Så du har ingen kjærast, da?



Etter nesten eit minutt kjem det.



Nei. Alle jenter eg møter, verkar så overflatiske. Eg vil ha nokon eg kan vere glad i på ordentleg og snakke med om alt mogleg. Er du ei sånn jente?

Hjartet slår og slår. Gjett om ho er! Ho kan snakke om alt han vil snakke om. Med eitt går det veldig lett å skrive. Ho fortel om Ida og Olivia, som styrer og steller som dei vil, og om Kevin og Noah og til og med om Andreas. Alicia held på heilt til mora plutseleg stikk hovudet inn på rommet.

Sorry, må gå. Men vi kan vel snakkast igjen snart?



Han svarer med det same.



Absolutt. I morgon kveld?

Alicia skriv at så vidt ho veit, kan ho chatte i morgon også. Ho må ikkje høyrast for interessert ut. Berre passe.

*Forenkla med løyve frå  
Katarina von Bredow*

### Oppgåver:

Sjå Elevbok 7B side 158.  
Gjer oppgåvene 2, 3, 6,  
9, 10, 11, 12.